



Kunstnarparet Tom Gundersen og Sigrid Øyrehagen var imponert over fotoutstillinga til Inga Tveito.

Kunstnarekteparet Sigrid Øyrehagen og Tom Gundersen er for tida innom Uskedalen på ferie. Onsdag føremiddag nytta dei mellom anna høve til å besøkje venninna Inga Tveito si fotoutstilling på Galleri Oska. Begge gav uttrykk for at dei syntest det var ei flott utstilling, og dei berømma også Roy Lervåg for det flotte tiltaket med Galleri Oska.

Dei var begge vel klar over at Inga var ein kunstnar med kamera. Likevel vart dei ekstra imponert over det som vart vist.

- Eg synst utstillinga var endå betre enn eg hadde forventa. Den var også flott komponert i eit fint utstillingslokale, sa mellom anna Sigrid.

Sigrid Øyrehagen som gjennom alle år har vore bestevenninne med Inga Tveito, har hatt mange utstillingar i Kvinnherad. I fjor sommar hadde ho og ektemannen Tom Gundersen ei fantastisk flott utstilling i Galleri G Guddal. [Om den utstillingsopninga](#) kan de lesa her. [Førehandsomtale av fjorårets utstilling](#) finn de her.

Sigrid kunne også fortelja at ho hadde vore innom galleriet i Guddal og levert 10 bilde i går. Dermed kan kvinnheringane glede seg over dei fine kunstverka hennar denne sommaren også. Og medan vi ventar på ei ny utstilling med Tom og Sigrid, kan vi kosa oss med debututstilling til Inga på Galleri Oska på Sandakaien.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland